



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Prop. 45 L

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i kommuneloven (avvikling av samkommunemodellen)

*Tilråding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 18. desember 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I denne proposisjonen gjer Kommunal- og moderniseringsdepartementet framlegg om endringar i kommuneloven ved å oppheve tilgangen til å opprette samkommunar. Det er føreslått at endringa blir sett i verk så raskt som mogleg. Departementet føreslår vidare at eksisterande samkommunar må vere avvikla seinast 1. januar 2020. Dei lovføresegnene i kommuneloven og særlovgivninga som handlar om samkommunen, vil halde fram med å gjelde for dei eksisterande samkommunesamarbeida fram til avviklinga er gjennomført.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

I januar 2015 sende departementet på høyring eit forslag om å oppheve kapittel 5 B. i kommuneloven om samkommunen. Samkommunen er ein modell for omfattande samarbeidstiltak mellom kommunar, der vesentleg avgjerdsrett blir overført til den interkommunale eininga. Samkommunen er ein eigen juridisk person og eit sjølvstendig interkommunalt forvaltningsorgan. Forslaget heng saman med at regjeringa ønskjer å gjennomføre ei kommunereform, jf. Prop. 95 S (2013–2014) Kommuneproposisjonen 2015 og Prop. 121 S (2014–2015) Kommuneproposisjonen 2016. I proposisjonen for 2015 blei det varsla at regjeringa

ønskjer å avvikle modellen. Regjeringa meiner at interkommunalt samarbeid ikkje er eit fullgodt alternativ til større og meir robuste kommunar. Regjeringa meiner vidare at kommunesamanslåing er ei betre løysing for ein kommune som treng å samarbeide på så mange tenestemråde som det samkommunen gir høve til.

Samkommunemodellen fører til ei meir kompleks forvaltning og kan svekkje transparens og kontroll, ettersom viktige avgjerder blir flytta frå folkevalde organ til eit sjølvstendig interkommunalt samarbeid. Lokaldemokratiet blir derfor betre teke vare på når ein sikrar ei direkte linje frå veljarane til dei politisk ansvarlege.

Det er svært få kommunar som har teke i bruk modellen sidan han blei lovfesta i 2012. Dette tyder på at kommunane opplever modellen som mindre relevant. Det er i dag oppretta to samkommunar. Innherred samkommune er eit samarbeid mellom kommunane Levanger og Verdal. Midtre Namdal samkommune består av kommunane Namsos, Overhalla, Namdalseid og Fosnes. Begge samkommunane ligg i Nord-Trøndelag fylke.

Forslaget om å avvikle modellen vil redusere det totale talet på tilgjengelege modellar for interkommunalt samarbeid og forenkler dermed regelverket som gjeld interkommunalt samarbeid. Forslaget vil bli gjennomført ved å oppheve kapittel 5 B. i kommuneloven.

3 Gjeldande rett

Høvet til å opprette ein samkommune blei føyd til kommuneloven ved lov 25. mai 2012 nr. 28. Endringa skjedde ved at kapittel 5 B. Samkommune blei føyd til. Lovendringa tok til å gjelde 1. juli 2012.

Modellen legg til rette for at kommunane kan utføre sentrale lovpålagde oppgåver i samarbeid med andre. Modellen har likskapstrekk med vertskommunesamarbeidet, men medan sistnemnde er eigna for enkelttenester, var samkommunen tiltenkt eit breiare samarbeid på meir sektorovergripande oppgåvefelt. Samkommunemodellen går også lenger enn vertskommunemodellen ved at kommunane som tek del i samkommunemodellen, overfører ansvaret sitt for å utføre oppgåvene til samkommunen.

Hovudføremålet med samkommunemodellen var å gi kommunane eit supplement til eksisterande modellar. Det blei ved etableringa av lova lagt vekt på at modellen i større grad enn dei andre modellane ville gi deltakarkommunane høve til å leie dei oppgåvene dei samarbeidde om, på ein meir heilskapleg og samordna måte. Samkommunen var også tiltenkt store og ulike kjerneoppgåver.

Både kommunar og fylkeskommunar kan opprette samkommunar. Ein kommune kan berre delta i éin samkommune. Kommunestyret eller fylkestinget må sjølv vedta å delta i ein samkommune. Ein samkommune er eit eige rettssubjekt. Eit samkommunesamarbeid fører til at det blir etablert eit nytt interkommunalt forvaltningsorgan som får lik avgjerdsrett overført frå alle deltakarkommunane.

4 Høyringa

4.1 Forslaget frå departementet i høyringsnotatet

I januar 2015 sende departementet ut på høyring eit forslag om å oppheve samkommunemodellen. I høyringsbrevet skreiv departementet at regjeringa meiner at kommunesamanslåing er ei betre løysing for ein kommune som treng å samarbeide på så mange tenesteområde som samkommunen gir høve til. Kommunereforma skal leggje til rette for ein kommunestruktur som ikkje gjer det absolutt nødvendig for kommunane å inngå i interkommunalt samarbeid for å kunne løyse dei lovpålagde oppgåvene sine.

Departementet viste til at eit av hovudargumenta for å innføre samkommunemodellen var at

han ville gi høve til eit langsiktig, forpliktande og heilskapleg samarbeid som kunne bidra til gode fagmiljø og betre kvaliteten på tenestene i kommunane. Dette meiner departementet i stor grad kan gjerast på andre måtar.

Svært få kommunar har teke i bruk samkommunemodellen sidan han blei lovfesta i 2012. Det finst berre to samkommunar i dag, der til saman seks kommunar tek del. Departementet meinte at dette tydde på at modellen står fram som mindre relevant for kommunane.

Slik departementet såg det, blir også lokaldemokratiet teke best vare på gjennom direkte folkevalde organ. I samkommunen blir styremakt overført til indirekte valde organ. Modellen kan vidare gi innbyggjarane mindre høve til innsyn og svekkje interessa deira for lokalpolitikk.

På bakgrunn av årsakene som er nemnde over, var det ikkje ønskeleg at det blir oppretta fleire samkommunar. Samkommunane som finst i dag, blei også føreslått avvikla.

Forslaget til lovendring fører til at høvet til å samarbeide i form av samkommunemodellen fell bort. For det store fleirtalet av kommunar får forslaget ingenting å seie fordi svært få kommunar har teke i bruk modellen.

Departementet føreslo at høvet til å opprette nye samkommunar blei avvikla så raskt som mogleg. Dei eksisterande samkommunane skulle få ei overgangsordning, slik at dei måtte vere avvikla seinast 1. januar 2020.

4.2 Høyringsinstansar

Notatet blei sendt til desse instansane:
Departementa

Fylkesmennene

Fylkeskommunane
Kommunane

Innherred samkommune
Midtre Namdal samkommune

KS – arbeidsgivar- og interesseorganisasjonen for
kommunesektoren
Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund
Norges kommunerevisorforbund

Arbeidarpartiet
Framstegspartiet
Høgre
Kristeleg Folkeparti

Miljøpartiet Dei Grøne
Raudt
Senterpartiet
Sosialistisk Venstreparti
Venstre

4.3 Innspela frå høyringsinstansane

Det har kome inn 30 høyringsfråsegner. Følgjande 14 gjer uttrykk for støtte til framlegget:

Fylkesmannen i Hedmark
Fylkesmannen i Rogaland

Aust-Agder fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Sør-Trøndelag fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune

Bergen kommune
Lenvik kommune
Tokke kommune
Trondheim kommune

KS – arbeidsgivar- og interesseorganisasjonen for
kommunesektoren
Fellesorganisasjonen (FO)

Levanger Venstre

Desse seks går hovudsakleg imot framlegget:
Nordland fylkeskommune

Audnedal kommune
Tysnes kommune

Innherred samkommune
Midtre Namdal samkommune

KS Nord-Trøndelag

Desse har ikkje merknader til framlegget:

Arbeids- og sosialdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Klima- og miljødepartementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Samferdselsdepartementet
Utanriksdepartementet

Risør kommune

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag tek til orientering at samkommunen er føreslått teken bort, men

knyter nokre kommentarar til auka bruk av samarbeid i kommunane.

Begge dei to samkommunane som eksisterer i dag, *Midtre Namdal* og *Innherred*, er imot forslaget om å avvikle modellen.

Midtre Namdal samkommune skriv mellom anna:

«Midtre Namdal samkommunestyre vil sterkt beklage at regjeringen fremmer forslag om oppheving av bestemmelsen om samkommune i kommunelovens § 5 B. Kommunene i Midtre Namdal har hatt gode erfaringer med samkommunemodellen siden 2009 og ønsker primært å opprettholde muligheten til samkommuneorganisering i kommuneloven. Midtre Namdal samkommunestyre opplever samkommunemodellen som mer demokratisk enn andre former for interkommunalt samarbeid. Samkommunemodellen gir et samlet styringsgrep med politisk kontroll og normale beslutningsprosesser for interkommunale samarbeidsordninger. Bl.a. gir det mulighet til å prioritere på tvers av område og sektor. Vi har erfart at samkommunemodellen gir sterkere eierfølelse til tjenestene for alle deltakende kommuner enn det som vertskommunemodellen gir bl.a. fordi denne har et element av kjøp og salg (kunde-relasjon). Samkommune er et forpliktende og langsiktig samarbeid som gir mulighet til utvikling av en regionalpolitikk i samkommunestyret som representativt politiske organ. Midtre Namdal samkommune organiserer om lag 8 % av kommunenes virksomhet pr i dag. Midtre Namdal samkommunestyre mener i motsetning til regjeringen at samkommunemodellen fører til en mindre kompleks forvaltning, større transparens for alle deltakende samarbeidskommuner og forbedret politisk kontroll sammenlignet med andre interkommunale samarbeidsformer som vertskommune og IKS.»

Innherred samkommune skriv:

«Samkommunemodellen har vore eit godt alternativ til dei andre modellane for interkommunalt samarbeid, særleg i forhold til demokratiperspektivet. Innherred samkommune beklager derfor at modellen no ser ut til å forsvinne frå kommunelova mindre enn 3 år etter at den vart vedteke og etter at det har vore gode erfaringar med den mellom dei som har teke den i bruk.»

Under føresetnad av at forslaget om å oppheve samkommunemodellen blir vedteke av Stortinget, skriv begge samkommunane at den føreslåtte avviklingsperioden fram til 1. januar 2020 er nødvendig. *Midtre Namdal samkommune* ber i tillegg om å få moglegheit til å forlengje overgangsperioden «dersom gjennomføringen av kommunereforma skulle dra ut i tid».

Begge samkommunane skriv vidare at staten bør bidra med å dekkje kostnader som oppstår i samband med avvikling av samkommunane.

KS Nord-Trøndelag meiner at det vil «være prinsipielt feil av sentrale myndigheter å overstyre organiseringen av kommunal forvaltning og tjenesteproduksjon.» *Fylkestinget i Nordland* gir uttrykk for forståing for ønsket om endringar i kommuneloven, men ber om at ein ikkje tek stilling til avviklinga no, men ventar til kommunereforma er ferdig.

Av instansar som sluttar seg til forslaget, er mellom anna *KS*, som skriv:

«KS' prinsipielle syn er at lokaldemokratiet skal ivaretas gjennom direkte folkevalgte organer. KS støtter derfor forslaget om oppheving av kommuneloven kapittel 5 B – Samkommune.»

Bergen kommune og *Trondheim kommune* gir også begge støtte til forslaget frå departementet.

Vestfold fylkeskommune skriv at dei:

«støtter departementets forslag om å oppheve kommunelovens kapittel 5B om samkommune. Samkommunemodellen vil ikke være et fullgodt alternativ til større og mer robuste kommuner ved gjennomføring av kommunereformen, da samkommunene gir en unødvendig kompleks forvaltning og lite transparens.»

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag tek til orientering at ein ønskjer å fjerne lovgrunnlaget for samkommunemodellen. Om bruk av vertskommunemodellen som alternativ modell skriv *Fylkesmannen* at dei har:

«sett og dokumentert at bruken av denne modellen har økt, også med folkevalgte nemnder. Dersom det skulle bli flere interkommunale samarbeid framover (og ikke sammenslåinger), kan det tenkes at vi noen steder får et system med betydelig samarbeid mellom kommuner basert på vertskommunemodellen. I sin ytterste forstand kan man da få et system som i antall samarbeid blir like eller mer omfattende,

og som er mer kompleks rent styringsmessig. Det kan derfor være viktig at fylkesmennene følger med i utviklingen av interkommunale samarbeid, bruk av vertskommunesystemet og kunnskap om effekter av dette.»

Fylkesmannen ser det også som viktig framover at ein med jamne mellomrom drøftar kva som er ei tenleg lovregulering av interkommunalt samarbeid totalt sett.

5 Vurderingane til departementet

5.1 Avviklinga av modellen

Departementet noterer seg at nesten halvparten av høyringsinstansane uttrykkjer støtte til forslaget, medan ein tredel tek det til orientering eller har ikkje merknader til forslaget. Departementet noterer seg også at det samla sett har komme få fråsegner i saka, slik at det totale talet på motsegner må seiast å vere avgrensa.

Regjeringa ønskjer å gjennomføre ei kommunereform. Stortinget er orientert om dette arbeidet gjennom Prop. 95 S (2013–2014) Kommuneproposisjonen 2015 og Prop. 121 S (2014–2015) Kommuneproposisjonen 2016. Der skriv regjeringa at interkommunalt samarbeid ikkje er eit fullgodt alternativ til større og meir robuste kommunar. Sjølv om regjeringa anerkjenner at kommunar kan ha behov for å samarbeide, meiner regjeringa at samarbeid på så mange tenestemråde som det samkommunen gir høve til, talar for at kommunesamanslåing er ei betre løysing.

Når *Midtre Namdal samkommune* skriv at dei meiner at samkommunemodellen gir sterkare eigarkjensle til tenestene for kommunane som deltek, enn det vertskommunemodellen gir, meiner departementet at alternativet til samkommune ikkje nødvendigvis er ein annan samarbeidsmodell, men heller ei kommunesamanslåing. Også når *Midtre Namdal samkommune* skriv at dei opplever samkommunen som meir demokratisk enn andre former for interkommunalt samarbeid, meiner departementet at ein også må vurdere om ikkje eit betre alternativ vil kunne vere kommunesamanslåing.

Departementet ser ikkje at det er nødvendig å halde på samkommunemodellen for å redusere behovet for samarbeid etter lov om interkommunale selskaper, slik *Midtre Namdal samkommune* er inne på. Desse to samarbeidsmodellane er i utgangspunktet tiltenkte ulike typar oppgåver, og

dei ulike innretningane gjer at dei såleis ikkje nødvendigvis vil kunne avhjelpe kvarandre. Medan samkommunen er tiltenkt samarbeid innanfor eit breitt spekter av oppgåver som også kan innebere offentleg myndeutøving, samarbeider ein innanfor IKS-modellen som hovudregel på eitt tenesteområde som ikkje fører med seg utøving av offentleg myndeutøving.

Departementet deler synet til *Fylkesmannen i Sør-Trøndelag* om at det er viktig at fylkesmennene følgjer med på bruken av interkommunalt samarbeid, uavhengig av modell. Departementet ber allereie i dag fylkesmennene om å rapportere om bruken av interkommunalt samarbeid i fylket, med særleg vekt på vertskommunemodellen. Nettopp at interkommunalt samarbeid i dag er nødvendig for en del kommunar, er ein av grunnane til at ein har sett i gang kommunereforma, der regjeringa er oppteken av å leggje til rette for ein kommunestruktur som ikkje gjer det absolutt nødvendig for kommunane å inngå interkommunalt samarbeid.

Departementet held på bakgrunn av utgreiinga ovanfor fast ved framlegget i høyringsnotatet om å avvikle samkommunemodellen.

5.2 Avviklingsperioden

Departementet har merka seg at begge samkommunane, til liks med departementet, meiner at eksisterande samkommunar skal få tida fram til 1. januar 2020 på å avvikle seg. Departementet ser ikkje grunnlag for å forlenge overgangsperioden, slik *Midtre Namdal samkommune* er inne på. I kommunereforma er hovudløpet lagt opp slik at samanslåingane blir sette i verk seinast frå 1. januar 2020. Dette tidsløpet ligg fast, og samkommunane må i samsvar med dette vere avvikla seinast same datoen.

Departementet fører derfor vidare forslaget om at høvet til å opprette nye samkommunar blir avvikla så raskt som mogleg. Dette vil i praksis seie at forbodet gjer seg gjeldande etter vedtak i Stortinget med påfølgjande sanksjonering og kunngjering i Norsk Lovtidend. Dei eksisterande samkommunane får ei overgangsordning, slik at dei må vere avvikla seinast 1. januar 2020. Dei lovføresegnene i kommuneloven og særlovgivinga som handlar om samkommunen, vil halde fram med å gjelde for dei eksisterande samkommunesamarbeida fram til avviklinga er gjennomført.

6 Nokre praktiske sider ved avviklinga av dei eksisterande samkommunane

6.1 Samarbeidsavtalane til samkommunane

Dei eksisterande samkommunane blir i praksis oppløyste ved å reversere blant anna økonomisk ansvar og eigaransvar. Samarbeidsavtalen mellom dei deltakande kommunane skal regulere plikter som gjeld til dømes gjeld, lån og ansvarsdelar, jf. kommuneloven § 28-2 e. nr. 3. Det er derfor naturleg at samarbeidsavtalane som dei respektive kommunestyra har vedteke, er utgangspunktet for prosessen med å avvikle dei eksisterande samkommunane.

6.2 Nokre arbeidsrettslege sider

Departementet legg til grunn at tilbakeføring av verksemda i samkommunane til dei respektive deltakarkommunane er ei verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljøloven. Arbeidsmiljøloven kapittel 16 tek for seg rettar for arbeidstakarar ved verksemdsoverdraging. Reglane gir dei tilsette rettar med omsyn til lønns- og arbeidsvilkår, i tillegg til pensjonsrettar, reservasjonsrett og oppseiingsvern. Reglane inneber at dei rettane og pliktene som følgjer av arbeidsavtalen dei tilsette har med samkommunen, blir overførte uendra til deltakarkommunane eller den nye kommunen. Arbeidsmiljøloven kapittel 16 sikrar også informasjon og drøfting med tilsette, og tidleg informasjon til tilsette. Reglane i arbeidsmiljøloven §§ 16-2 til 16-7 om rettane til arbeidstakarar ved verksemdsoverdraging gjeld på same måten når ein opprettar, går ut av eller oppløyser ein samkommune, jf. kommuneloven § 28-2 d. I forarbeida er det også presisert at «dersom det skulle vere uklart om reglane om verksemdsoverdraging skal brukast eller ikkje, bør arbeidstakarar uansett bli tilkjende dei rettane som følger av arbeidsmiljøloven», jf. Prop. 49 L (2011–2012) s. 78. Departementet legg også til grunn at avtalepartane følgjer reglane i hovudavtalen om medverknadsrett og medverknad ved avvikling av samkommunen. Rettane og pliktene til dei tilsette i ein avviklingsfase blir derfor rekna som godt tekne vare på gjennom arbeidsmiljøloven og hovudavtalen.

6.3 Avvikling av eksisterande samkommunar – inngåtte avtalar og innkjøpsregelverket

Spørsmålet her er høvet til å overføre inngåtte kontraktar frå samkommunen til deltakarkommunane (eventuelt ny kommune eller nye kommunar) etter at samkommunen er avvikla.

Som eit sjølvstendig rettssubjekt er samkommunen eit eige pliktsubjekt (oppdragsgivar) etter innkjøpsregelverket, jf. lova om offentlege innkjøp § 2 og forskrifta om offentlege innkjøp § 1-2. Som det følgjer av punkt 5.2, legg departementet opp til ein overgangsperiode der dei to samkommunane har tidsrommet fram til 1. januar 2020 på å oppløyse seg. Departementet ser det derfor slik at ein ikkje ubetydeleg del av kontraktane til samkommunane vil kunne vere utgått når avviklinga skjer. I tillegg bør samkommunane vurdere behovet for nye avtalar, lengda eller omfanget på dei og å informere avtaleparten om avviklingsprosessen som samkommunane er inne i.

Spørsmålet er så kva som skjer med avtalar som må eller bør førast vidare, etter at samkommunen som avtalepart er avvikla. Dette vil kunne vere regulert i den aktuelle avtalen. Der dette ikkje er regulert, blir det eit spørsmål om innkjøpsregelverket er til hinder for at kontrakten blir overført til éin eller fleire av deltakarkommunane som ny avtalepart, alternativt at han blir overført til ein ny, samanslått kommune. Departementet vurderer det slik at innkjøpsregelverket i utgangspunktet ikkje er til hinder for at ein inngått kontrakt blir henda over til ein ny oppdragsgivar, fordi den opphavlege oppdragsgivaren sluttar å eksistere. Der ein kontrakt som er inngått med samkommunen som oppdragsgivar, blir henda over utan at det blir gjort vesentlege endringar i kontrakten, er konkurranseelementet om leveransen teke vare på ved inngåinga av den opphavlege avtala. Noko anna vil kunne vere tilfellet dersom det i samband med overdraginga også blir gjort endringar i kontrakten som kan reknast som vesentlege endringar. Det vil ikkje ha vore konkurranse om desse endringane. Ei vesentleg endring er til dømes ei betydeleg utviding av det som skal kjøpast inn, eller prisen for dette.

6.4 Framtidig rettsleg ansvar for forvaltningsvedtak gjorde av eksisterande samkommunar

Samkommunane har i tida dei har eksistert, gjort vedtak på viktige tenesteområde som til dømes jordvern, plan- og bygningsrett, barnevern og sosi-

altenester. Det er viktig å sikre og formidle til innbyggjarane at desse tenestene er trygge for dei, sjølv om samkommunen blir avvikla. Mynde og ansvar for dei ulike områda som samkommunane i dag har ansvar for, blei overført frå dei enkelte deltakarkommunane då samkommunen blei etablert. Etter dei ulike særlovene som ligg til grunn for tenestetilbodet og vedtaka til samkommunen, er det deltakarkommunen som i utgangspunktet er ansvarleg. Når samkommunen skal avviklast, er det naturleg å sjå dette som ei reversering av prosessen med å overføre mynde til samkommunen; mynde og ansvar blir lagt tilbake til den enkelte deltakarkommunen med ansvar for innbyggjarane sine. Når ein vurderer kven som har ansvaret for vedtak som samkommunen har gjort, når samkommunen ikkje lenger eksisterer, bør ein ta utgangspunkt i det som står over. Denne tilnærminga kjem også til uttrykk i samarbeidsavtalen for Innherred samkommune § 16, som lyder:

Dersom samkommunen opphører, eller dersom enkelte samkommunale oppgaver tilbakeføres til kommunene uten at samarbeidet opphører, vil den enkelte kommune stå rettslig og økonomisk ansvarlig overfor egne innbyggere (eller tidligere bosatte) for de vedtak som tidligere er truffet av samkommunen.

At den enkelte kommunen er ansvarleg overfor innbyggjarane sine, er etter departementet si vurdering med på å skape ein trygg og smidig overgang frå samkommunen til kommunen som ansvarleg organ, i tillegg til å skape kontinuitet i ansvaret for forvaltningsvedtak som samkommunen har gjort.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Den faktiske avviklinga av dei to samkommunane som eksisterer i dag, vil kunne føre til meirarbeid og -kostnader for dei involverte kommunane. Omfanget og kostnadene som følgjer av dette, vil kunne variere. Dersom samkommunen løyser seg opp, og kommunane i samarbeidet går inn for ein ny samanslått kommune, kan dette føre til færre kostnader. Der samarbeidet blir løyst opp, og det blir bestemt at oppgåvene skal førast tilbake til dei enkelte kommunane, kan kostnadene bli større.

Departementet legg ikkje opp til at kostnadene som oppstår i samband med avvikling av modellen, vil bli dekte. Departementet vil her peike på at samkommunane får ein avviklingsperi-

ode fram til 1. januar 2020, noko som vil gi dei involverte god tid til å planleggje og avvikle samarbeidet, slik at avviklingskostnadene blir reduserte. Departementet føreslår derfor at dei kostnadene som kjem med avviklinga, skal dekkjast innanfor dei gjeldande rammene.

8 Spesielle merknader

Merknader til kommuneloven

Til § 28-2 a nr. 1

Framlegget inneber at det ikkje lenger blir tilgang til å opprette samkommunar eller slutte seg til eksisterande samkommunesamarbeid. Departementet legg opp til at denne endringa trer i kraft så raskt som mogeleg. Dei eksisterande samkommunane får tida fram til 1. januar 2020 til å avvikle seg. Fram til dei er avvikla, vil dei andre reglane i kommuneloven og særlovgivinga elles gjelde for samkommunesamarbeida. Når begge samkommunane er avvikla, vil departementet be Kongen i statsråd sanksjonere dei resterande lovendriningane for å fjerne føresegner og tilvisingar til samkommunemodellen.

Merknader til domstolloven

Til § 191 første ledd

Framlegget inneber at tilvisingane til leiar av samkommunen og samkommunestyret som rette motakar for forkynningar og meldingar som blir gjeve i samband med ei rettssak, blir teke ut av føresegna. Dette er ein konsekvens av framlegget om å avvikle samkommunemodellen.

Merknader til sivilombudsmannsloven

Til § 4 andre ledd bokstav f første punktum

Framlegget inneber at regelen om at avgjerder gjorde av samkommunestyret er unnatekne frå Ombudsmannens arbeidsområde blir teke ut av føresegna. Dette er ein konsekvens av framlegget om å avvikle samkommunemodellen.

Merknader til Straffeprosessloven

Til § 81 a andre ledd første punktum

Paragrafen regulerer kven som kan krevje påtale på det offentlege sine vegner og høvet til å gje fullmakt til å krevje påtale. Framlegget fjernar høvet for samkommunestyret til å krevje påtale på vegne av samkommunen. Framlegget heng saman med at samkommunemodellen blir føreslått avvikla.

Til § 81 a andre ledd fjerde punktum

Framlegget fjernar samkommunestyret sitt høve til å gje fullmakt til leiaren, faste utval og den administrative leiaren til å krevje påtale. Dette er ein konsekvens av framlegget om å avvikle samkommunemodellen.

Til § 81 a andre ledd sjette punktum

Framlegget fjernar omtalen av tilfelle der ein samkommune utøver verksemd utanfor samkommunen og fullmaktsreglane som då gjeld. Framlegget heng saman med at samkommunemodellen blir føreslått avvikla.

Merknader til tvangsfullbyrdsloven

Til § 1-2

Paragrafen nemner rettssubjekt som ikkje kan få krav mot seg tvangsfullbyrda. Overskrifta til paragrafen blir føreslått endra, ved at samkommunen blir teke ut. Framlegget fjernar også samkommunen frå oppramsinga i andre ledd av organ som pengekrav ikkje kan tvangsfullbyrdast overfor. Begge framlegga heng saman med at samkommunemodellen blir føreslått avvikla.

Merknader til tvisteloven

Til § 1-5 andre punktum

Paragrafen omhandlar kven søksmål om gyldigheita av offentlege vedtak skal rettast mot. Når eit statleg organ har gjort ei avgjerd i siste instans, skal eit søksmål rettast mot dette, medan varsel om søksmålet skal gjevast til kommunen, fylkeskommunen eller samkommunen som har treft avgjerder tidlegare i saka. Framlegget føreslår å ta ut omtalen av samkommunen og er ein konsekvens av at denne modellen blir føreslått avvikla.

Til § 2-1 første ledd

Det blir føreslått at samkommunen blir teke ut av lista over kven som har partsevne. Framlegget heng saman med at samkommunemodellen blir føreslått avvikla.

Til § 4-4 fjerde ledd andre punktum

Føresegna opplysar om kvar ulike offentlege forvaltningsnivå har sitt alminnelege verneting. Framlegget tek ut samkommunen frå denne oppstillinga og er ein konsekvens av at modellen blir føreslått avvikla.

Til § 33-1 andre ledd

Føresegna seier at pengekrav mot enkelte retts-
subjekt ikkje kan sikrast ved arrest. Framlegget
tek ut samkommunen frå lista over slike retts-
subjekt. Dette er ein konsekvens av framlegget
om å avvike samkommunemodellen.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om endringar i kommuneloven (avvikling av sam-
kommunemodellen).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i kommuneloven (avvikling av sam-
kommunemodellen) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i kommuneloven (avvikling av samkommunemodellen)

I

I lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner skal disse endringane gjerast:

§ 28-2 a nr. 1 skal lyde:

Dersom to eller flere kommuner eller to eller flere fylkeskommuner har vedtatt å opprette en samkommune for å løse felles oppgaver, skal samkommunen oppløses innen 1. januar 2020.

Kapittel 5 B Samkommune blir oppheva.

II

I lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene skal § 191 første ledd lyde:

For staten er det statsministeren eller vedkommende departementschef, som tar imot forkyndelser og meddelelser; for en fylkeskommune er det fylkesordføreren; for en kommune er det *ordføreren*.

III

I lov 22. juni 1962 nr. 8 om Stortingets ombudsmann for forvaltningen skal § 4 andre ledd bokstav f første punktum lyde:

Avgjørelser som etter bestemmelse i lov bare kan treffes av kommunestyret *eller fylkestinget selv*, med mindre avgjørelse er truffet av formannskapet, fylkesutvalget, et fast utvalg, kommunerådet eller fylkesrådet etter lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner § 13.

IV

I lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker skal disse endringane gjerast:

§ 81 a andre ledd første punktum skal lyde: Retten til å begjære påtale på vegne av en fylkeskommune *eller en kommune utøves* av henholdsvis fylkestinget *eller kommunestyret*.

§ 81 a andre ledd fjerde punktum blir oppheva.

Noverande femte til sjuande punktum blir fjerde til sjette punktum.

Sjette punktum skal lyde:

Første ledd fjerde punktum gjelder tilsvarende i tilfelle en kommune utøver virksomhet utenfor kommunen *eller* en fylkeskommune utøver virksomhet utenfor *fylkeskommunen*.

V

I lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse skal disse endringane gjerast:

§ 1-2 overskrifta skal lyde:

Krav mot staten, fylkeskommuner, kommuner, interkommunale selskaper, regionale helseforetak og helseforetak

§ 1-2 andre ledd skal lyde:

Pengekrav mot en kommune, *fylkeskommune*, et interkommunal selskap, regionalt helseforetak eller helseforetak kan ikke tvangsfullbyrdes etter kapittel 7, jf. kommuneloven § 55, lov om interkommunale selskaper § 23 og helseforetaksloven § 5.

VI

I lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister skal disse endringane gjera:

§ 1-5 andre punktum skal lyde:

Er dette et statlig organ, skal retten gi varsel om søksmålet til en kommune *eller en fylkeskommune som* har truffet avgjørelse i saken i tidligere instans.

§ 2-1 første ledd bokstav b skal lyde:

Stat, kommuner *og fylkeskommuner,*

§ 4-4 fjerde ledd andre punktum skal lyde:

Fylkeskommuner *og kommuner har* alminnelig verneting der hovedadministrasjonen ligger.

§ 33-1 andre ledd skal lyde:

Pengekrav mot staten, en kommune, en *fylkeskommune, et* interkommunalt selskap, et regionalt helseforetak eller et helseforetak kan ikke sikres med arrest.

VII

1. Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Kongen kan setje i verk dei einskilde føresegnene til ulik tid.
2. Kommuneloven kapittel 5 B gjeld for eksisterande samkommuner inntil dei er avvikla.



